



Håkon Petter Kaurel  
Strangehagen 28  
5011 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/1453 - 20/1739

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:  
13.01.2020

## Førebels svar med trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 84/5 Kvalvågnes

Tiltak: garasje/verkstad  
Byggjestad: Gbnr: 84/5  
Tiltakshavar: Håkon Petter Kaurel

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 09.12.2019. Vi beklagar sein tilbakemelding i saka. Dette skuldast overgang til ny kommune.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Søknad om dispensasjon frå arealføremålet LNF.  
Eigedommen ligg i område som i kommunedelplanen for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden er avsett til LNF-føremål I desse område er det berre tillatt å føra opp nye tiltak knytt til gardsdrift og gardsbasert næringsverksemd knytt til garden sitt ressursgrunnlag. Gardsbruket er ikkje i drift og det omsøkte tiltaket vil difor ikkje vera i samsvar med plangrunnlaget. Du må søkja om dispensasjon frå arealføremålet.
2. Arealrekneskap  
Du må gjera greie for areal, både bygd areal og bruksareal for bygget som skal rivast og leggja ved teikningar, eventuelt bilete, av bygget. Du må også gje opp både bygd areal og bruksareal for det nye bygget og leggja ved planteikning over 2. etasje. Av innsende teikningar ser det ut til at bygget også vil ha teljande bruksareal i 2. etasje.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **15.02.2020**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Anne Lise Molvik  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Kopi til:**

Håkon Petter Kaurel                      Strangehagen 28      5011                      BERGEN

### **Mottakarar:**

Håkon Petter Kaurel                      Strangehagen 28      5011                      BERGEN